


*Gurine Marie Karlsdotter Alme f. Ulla*  
*f. 1878 d. 1948*  
*Olavius Oleson Alme f. 1865 d. 1945*

*Litt om slekt og familie.*

*Bilde frå ei tid*

*Av Guri Alme*



*Sørensen & Sønner  
Copenhagen*

**Petrine, Kristi og Gurine Ulla**

### **Søskena til Gurine**

Gurine Marie Karlsdatter Ulla vart fødd i Larsgarden på Ulla i 1876. Ho hadde 6 syskjen og fire av dei levde opp. Eldstebroren, Hans f. 1878, døydde som barn. Ei søster, Kristi, som var fødd i 1874, døydde også tidleg.

Søstrene Gurine og Hanna fekk 8 barn kvar, Kristi fekk 6, Petrine fekk 3 og broren Karl fekk 8, så Ingeborg og Karl H. Ulla fekk ei stor etterslekt. Karl var statslos og dreiv gard, og var ein velstående mann etter den tids målestokk.



Eg veit lite om Gurine frå barneåra, men far brukte å herme etter presten som konfirmerte henne. Han snakka halvemål og skarra på r-en, så r-ane i Gurine Marie fekk ein ekstra snert, og etternamnet vart Hulla.

Gurine overtok ansvar for fjøsen på heimegarden etter at ho var konfirmert. 10 kyr stelte ho. Mjølka vart levert til "Ulla Melkebolag" i Ålesund. Fjøsen vart derfor underlagt inspeksjon frå helsevesenet i Ålesund og ho fekk fleire premier for godt stell. Eitt år gjekk ho på amts-skule (eit slag folkehøgskule) på Ørskog.

Ein kan tenkje seg at det var spennande med den nye læraren som vart tilsett på Ulla i 1893.

Gurine var då 17 år og Olavius 28. Han var ikkje akkurat nokon bleikfis.

### Olavius



Olavius som ung

Då han var seks år omkom far hans under torskefiske. Heile mannskapet, med unntak av ein, var frå Almestranda, og alle omkom. Olavius hadde 3 eldre systre og ein yngre bror. På garden budde, i tillegg til enkja Anne Olava og dei fem borna, kårmannen og Gurine Olsdtr. Saltre. Ho hadde budd på Alme sidan ho vart jaga heimanfrå då ho skulle ha barn. Sonen hennar omkom også i kollseglinga.

Garden var kyrkjegods, og Bernt Sulebakk som vart 2.mannen til Anne Olava, løyste inn garden i 1879. Difor var det aldri snakk om at Olavius skulle arve garden, for han hadde ikkje odel på han. Det var ein tungdriven gard, så Olavius var nok van med å arbeide frå barnsbein av. Då han vart gammal nok rodde han fiske.

## Søskena frå Alme.

Den eldste søstra til Olavius, Tomesina ( f. 1858), gifta seg med Lars Ellingson Øvrelid frå Hjørungavåg. Ho fekk ni born, og hennar etterkomerar vert vår familie si næraste slekt på Almesida, utom dei som vaks opp i Amerika.

To av søstrene emigrerte til Amerika. Berte, (f. 1860) vart gift med Nils Olsson Buset. Dei reiste til Minnesota til Nils sin bror som hadde budd der i 4 år. Berte døydde etter kort tid.

Oluffa (f. 1863) vart gift med Lars Ottarson Flåvik. Dei reiste først saman med 3 av Lars sine søsken til N.Dakota. Seinare til Minnesota. Dei fekk 5 born og kalla seg Ottesen.

Yngste broren, Ole (f. 1867), reiste også til Minnesota, men etter ei tid kom han saman med ein flokk som ville misjonere i Kenya i Afrika. Han døydde der i 1896.



Ole og Olavius

På Alme fekk syskena ein halvbror som heitte Olaf. Bernt hadde då teke namnet til garden Alme. Olaf fekk to søner. Bjarne vart den neste brukaren. Den noverande brukaren heiter Bratteli, og er dotterson av Bjarne.

## Olavius

Olavius ville på lærarskulen, og må ha spart hardt for å kome dit. Han følgde ei førsleskute til Åndalsnes, og gjekk til Lillehammer. Tok Skibladner til Hamar, klarde opptaksprøva og kom inn på skulen. Sommaren mellom skuleåra tok han seg teneste som slåttekar på Storhammer gård.

Den første lærarjobben han hadde var på Ulla. Han var ein vakker og sterk kar. Gamle folk snakka ofte om kor svær han var til å springe. Han tok ein stor bukk som det ikkje hadde vore lagt folkehand på på mange år, på opa mark.



På Reiten. Olavius imponerer med å bere inn ei høybør.

Det var kanskje ikkje så rart at Gurine vart forelska i denne karen som til og med hadde budd to år på Austlandet. Etter kvart gjekk han på friarfot etter Gurine. Men då sa Lars-Karl tvert nei. Slik ein fattig lærarslamp ville han ikkje kaste bort dotter si til. Han hadde sannsynleg vis ikkje stemmerett eingong. Men Lars-Kristi, mor til Karl, som visstnok var ei myndig dame, slo i bordet og sa: "Dei ska' 'a kvarandre, for, anj e' enj so go' manj at 'o fær kje betre Og slik vart det.



Brurfolk



## Ekteskap

Det unge ekteparet for til Langevågen, der han fekk lærarpost. Her var dei i 4 år, og ettersom ein kan forstå , hadde dei ei veldig fin tid her. Dei fekk mange gode vener, mellom andre fabrikkengar Devold som hadde sterke interesser i ungdomsarbeidet o.a.

Ole Hagbart vart fødd i 1897 og Ingebjørg Frida i 1899.



Foreldra med Ole og Ingebjørg

Men ein betre jobb lokka. Olavius søkte og fekk klokkar- og lærarposten i Ulstein i 1900. Det var skulen i Hasund som hørde til klokkarposten, og dei flytta dit. Ein liten dampbåt."Sulaguten" skyssa dei. "Sulaguten" gjekk i rute Langevåg - Ålesund. Det var Devold som åtte den, og han gjorde som han ville, og den dagen måtte vel folk i Langevåg halde seg heime. Turen var gratis.

## Til Ulstein

Dei budde hos Knut J. Sundgot, og Astrid Valborg kom til verda her 30. mai 1901 . Men nett i denne tida vart prestegarden i Dimnasund seld, like eins klokkargarden på Hofset. Presten flytta til Ulsteinvik og han ville ha klokkaren med seg. Så vart det å flytte igjen.



Astrid og fadrane: Emma og Lars Sundgot

Denne vinteren (1901 - 02) budde dei hos Martinus Osnes (Iverhaugen). No kjøpte dei eit jordstykke - 2 mål av Andreas Osnes (Gotebakken), 5 mål av Martinus Osnes (Iverhaugen), betalte kr 425 for det minste og kr 900 for det største, 1325 kr i alt. Ikkje så lite - etter den tids pengeverd.



Allereide hausten 1902 kunne dei flytte inn i eige hus. Her levde dei då resten av sine dagar. Dei kalla staden Breidablik.

Då Astrid fylte eitt år kom Lars Sundgot gåande til Reiten med eit kipe på ryggen. Oppi der var det ei fin lita bjørk. Ho var planta ved hagegjerdet innover og vart alltid kalla Astrid-bjørka. Ho stod der til folkehøgskulen overtok eigedomen.





Bjarne, Ole, Ingebjørg, Karl bak. Kristi, Hanna og Astrid framme ca.1910  
Karl Johan, kongenamn, som han sjølv sa då han var liten, vart fødd i 1903.  
Gurine fekk altså barn annakvart år fram til 1905, då var Bjarne Guttorm det 5.  
barnet. Kristi vart fødd i 1908 og Hanna i 1911.


Ein gong i dette tidsromet fødde ho ei jente til som vart døypt Hanna, men ho  
døydde før den nest Hanna vart fødd. Tante Hanna sa ein gong at ho syntest det  
var litt fælt å tenkje på at ho hadde det same namnet, men slik var skikken den  
gongen det ser vi også av namnet Kristi til søstrene til Gurine. Ottar var  
nummer åtte og sistemann og vart fødd i 1913.

Ein kan tenkje seg at det til tider var svært livleg i Almegarden med så mange  
jammstore ungar og ungdomar. Særleg var ein stor, svart gyngestol flittig herja  
med.



Jonsokfeiring. Vi kan finne Kristi, Ingebjørg, Hanna og Ottar





Brennsnutbildet

Dette bildet , som eg diverre ikkje hadde nokon god kopi av, har si forhistorie. Før avspasering til fotografen, skulle dei ete middag. Det skulle vere brennsnut. Som så ofte fekk dei uventa besøk , og rådsnare Astrid skunda seg å ha meir vatn i suppa, slik at det skulle rekke til alle. Ved bordet starta då ein hissig diskusjon om det eigentleg vart meir mat av det. Dermed vart alle sure, som vi ser på bildet. Bildet vart sjølv sagt kalla brennsnutbildet.

Det var først og fremst Gurine si slekt på Ulla som tykte det var stas med borneborna i Ulsteinvik. Ulla og folket der stod i ein spesiell glans for alle borna, og det verkar som besteforeldra var veldig opptekne av borneborna.

Besteforeldra vart kalla Goffar og Gommer og tantene vart kalla Peta-moste , Hanna-moste og Kristi-moste. Hanna vart gift i Ullahammaren og onkelen der vart kalla mostemann i Hammaren. Kristi vart gift på Åkre og han vart kalla mostemann på Åkre. Onkelen Karl vart berre kalla mobbro(morbror) og Severine vart kalla mobbrokåne (morbrorkone).

Ein gong Gurine skulle føde hadde ho fått Olavius til å love at han skulle vere heime under fødselen. Men så kom det bod frå Dimna, dei mangla talar på ein julefest, og han for. Dei fekk rett nok ei frå slekta i Hjørungavåg til å kome og vere hos Gurine, men det feste seg i minnet for ho fortalde om det til ei av svigerdøtrene, Bergljot.

Ingeborg Ulla døydde i 1923, og Karl i 1927. Karl åtte fleire gardar i Hjørungfjorden som han selde då han kom opp i åra. Gurine fekk ein arv etter dei, eg trur det var 5 000 kr. Det ho ville bruke pengane til, var eit bad, og så

ønskte ho seg ein veranda ned i hagen. Men ein dag fekk Olavius besøk av ein mann som trong kapital til å starte ein revefarm. Olavius let seg overtale til dette. Då gjekk det så sørgeleg at farmen gjekk konkurs og alle pengane gjekk tapt.



Bilete frå Astrid sin album: Revane vert mata.

Med ni barnefødsler på 16 år er det klart at Gurine ikkje kunne klare alt åleine. Ho hadde tenestejenter som ofte var henta frå nærast slekt. Då dei budde på Sundgot hadde dei ei av døtrene til Tomesina til hjelp. Ho vart på sine vaksne dagar kalla Kollsgard-Anna. Ho var vel ikkje stort meir enn tolv - tretten år då ho begynte i teneste hos Gurine. Dotter til Anna, Else Grimstad fortel at ein av siste gongane Anna besøkte Gurine, følgde ho henne eit stykke på heimvegen. Då sa ho at ho ofte hadde så dårleg samvit fordi ho hadde forlangt så mykje av henne då ho var ung



Jentene og veslebror Ottar



Då Bjarne var "ungebarn" kom Gurine ein gong frå fjøsen og fann at han skreik og var ikkje til å trøyste. Dette heldt han fram med i fleire månadar, og ingen forstod kva det var. Det viste seg seinare at han hadde hatt ein betennelse i ei hofteskål. Det førte til at foten ikkje vaks så fort som den andre. Han vart difor halt og gjekk på tå på den minste foten. Gurine meinte at det måtte ha vore ungjenta som passa han som hadde mist han i golvet, men det gjekk ikkje an å seie høgt, for ho var også av slekta.

Sjølv om Gurine hadde hjelp i huset var ho likevel den som var sist i seng og først oppe. Var der overnattingsgjestar, kom Gurine alltid med kaffi på senga. I den hadde ho alltid fløte som var oppkokt, slik at han fekk ein ekstra god smak. Ved sidan av hadde ho alltid småkaker til. Dei som hugsar henne seier at ho alltid var snill og omsorgsfull. Jentene kunne stundom baksnakke kvarandre for ting dei hadde gjort, det likte ikkje Gurine, så ho runda alltid av med: "Men dei meiner ikkje noko med det."

På Reiten laga Gurine og Olavius ein gjestfri heim. Dei fekk sett opp ei lita løde, og ved sida av si eiga jord, hadde klokkaren også rett på å slå graset kyrkjegardane på Ulstein og i Vik. Dermed kunne dei halde ei kyr og eit par kalvar, gris og høner. Dei planta fruktre og bærbusker og dyrka poteter og grønsaker.

Dei var nok ikkje heilt sjølvhjelpete med mat, men det måtte rekkje eit godt stykke på veg. Korn og mjøl måtte dei sjølv sagt kjøpe. Bjarne fortalde at Olavius kunne finne på å reise heimanfrå og ta med seg lommeboka med kontantane i. Det kunne vere nokså vanskeleg, men ein må hugse på kva tid det var. Eg har høyrte at ei yngre grannekone snakka om at ho måtte be mannen sin om pengar til den minste ting, sjølv til å kjøpe bleiestoff for.



I Edens hage, kallar Astrid dette biletet frå Reiten. Hagen var full av frukt og bærtré

All mat som skulle takast vare på over vinteren måtte fare gjennom hendene på Gurine eller hjelparane hennar . Då var det å hermetisere, salte og tørke. Dei laga mor og blodmat, dei baka lefse og flatbrød. Men dei kunne også lage kuldeblanding av snø og salt og overraske med iskrem til dessert.

Mykje av tida deira måtte gå med til matlaging, og mykje tid måtte også gå med til vask og stell av klede. Det var innlagt vatn i kjellaren, på kjøkenet og på eit lite kjøken på loftet, slik som eg hugsar det, men loftskjøkenet vart kanskje tillaga då dei som gamle flytte på loftet, og Mosken og Kalla overtok hovedetasjen.

I kjellaren var det ein omn som var brukt til klesvask og lefse/flatbrødbakst. Han var av ei type som var vanleg den gongen. Han var støypt på steingolvet, var sirkelrund, nærare ein meter i diameter med ei omnsdør fremst framme. Øvst på kanten sat det ein jarring. Skulle det kokast klede, var det å lempe klesgryta oppå, fyller henne med vatn og fyre oppunder.

Varme kle vart løfta med ein trekjepp (ei speiss) og hadde over i store trestampar fylte med kaldevatn. Ein hadde som oftast to stampar og skylde kleda i to vatn. Stampane var store avskorne tretønner. I mellom skyllingane vart kleda hengde på trebukkar for å renne av. Gurine tørka kleda sine på snorer av streng som var oppspende mellom stovehuset og låa. - Det vart forresten kokt såpe også i klesgryta. Dyre-talg, vatn og kaustiksoda vart ei stram såpe som vart brukt til husvask, og å gni på skitne skjortekragar og liknande.

Dersom det var baking av flatbrød eller lefse som stod føre, måtte gryta av og takka (steikjeplata) på . Baking var ei onn i seg sjølv, og ofte slo konene seg saman om arbeidet. Det gjekk mykje lettare, og slarven gjekk i slike situasjonar.

Dei hadde eit langbord som var ein stor flake lag oppå to bukkar. Praktisk å rydde vekk når det ikkje var bruk for det. I kjellaren hadde Gurine også eit monstrum av ei klesrulle. På eit solid stativ låg to runde stokkar der dukar og sengeklede vart vundne rundt. Oppå låg det ei stor trekasse fylt med stein. Så drog ein kassa, og dermed stökkane, fram og tilbake , og kleda vart glatte og flotte. Strykejarnet var gjerne oppvarma på ved-komfyren og hadde plass til kolbitar eller ein oppvarma jernbolt.

I kjellaren var det også potetkjellar og plass til saft, syltetøy og eigenprodusert hermetikk.



Gurine hadde eit stort lager av opplaga hermetisk mat, men det vart spart til søndagar og framandfolk. Ho var den av ekteparet som var mest religiøs, og følte seg mest heime i bedehusmiljøet, slik som eg har forstått det. Fleire av borna har nemnt at dei ikkje var særleg glade når det kom predikantar til bygda. Då skulle dei bo i Alme-garden og dei skulle ha den beste maten og ete først. Ungane fekk kanskje berre saus og poteter når gjestane var ferdige.

Etterkvart kom det ein bakar til bygda Gerhard (Jæratt) Ulfstein. Den første tida var det ikkje vanleg at folk hadde bakaromn. Då fortalde Bjarne at konene fekk lov å kome med brøda sine og steikje dei på ettervarmen. For at dei skulle få igjen det dei hadde laga sjølv, sette dei spesielle kryss eller prikkar på dei.

Det fanst både rokk, vevstol og symaskin etter Gurine, så ho både spann, vov og sydde men eg trur ikkje at dei hadde sauer så dei kjøpte vel den ull ei trong hos andre.

Olavius kunne også mange forskjellige handverk, og som i andre heimar på den tid fanst det utstyr til skoreparasjonar og til snekring i kjellaren på Breidablikk.


Skulen låg ute på Halsen, akkurat inn i svingen. Der gjekk Almesykjena på skule. Bjarne fortel at dei ofte tok "snarveien" over Osberget til og frå skulen.



Olavius med Avgangsklassa frå 1916. Astrid nr. 3 frå høgre

Etter kvart som borna vaks til trongst det ikkje barnejenter meir, og Gurine likte best at ei av døtrene var heime og hjelpte henne med husarbeidet. Men på same tid hadde eg inntrykk av at det var ho som mest skubba på og fekk borna til å ta utdanning.

Eldstemann, Ole, fekk ingeniørutdanning på NTH i Trondheim. Han gifta seg med Klara og fekk to gutar. Dei bodde ei tid i Amerika, men slo seg til i Kristiansund. Her på våre kantar leidde han arbeidet med bygging av Dragsundbrua. Han døydde i 1969.



Ole, med sønene Odd og Roar og Bjarne

Ingebjørg vart husstellærar. Ho gjekk på Stabekk(?) på Austlandet. Etterpå kom ho tilbake og var husstellærar på Sunnmøre kristelege ungdomsskule, som Olavius var ei av eldsjelene bak. Ei tid hadde dei skulekjøkken i kjellaren i Almegarden, nærast umuleg etter mine begrep! Ingebjørg vart gift med Paal Myklebust og dei budde i Endregarden i Barstadvika. Dei fekk to søner og to døtre. Ho jobba i skulen etter at barna vart store og Pål var journalist og dreiv med politikk. Døydde av blodpropp etter ein operasjon for underlivskreft i 1963.





Astrid prøvde seg som lærar på Ulla uten å ha utdanning. Seinare gjekk ho og Kalla (Karl) på lærarskulen på same tid. Så fekk ho jobb i Holmedal i Sunnfjord. Der traff ho Steinar Helle som var heime frå Amerika. Dei gifta seg og fekk tre born, ei jente og to gutar. Ho jobba ein del i skulen, var organist i kyrkja og deltok i politikken. Steinar og broren starta knivfabrikken S&S Helle. Astrid døydde av levkemi i 1965



Kalla gjekk som sagt lærarskulen på same tid som Astrid. Han arbeidde først på Slagnes, men fekk seinare post i Ulsteinvik. Her var han aktiv i sang og musikklivet og dirigerte fleire kor. Han gifta seg med "Mosken" (Ingebjørg)

Steinsvik frå Volda. Ho var lærar på Brandal. Dei fekk tre born, to gutar og ei jente. Dei overtok huset etter Olavius og Gurinei -42,-43 og gamlefolket flytta seg på loftet. Etter at Gurine døydde, flytta dei til Stavanger og var der i ca. ti før dei flytta seg tilbake til Sunnmøre, men Volda denne gongen. Han vart rektor for øvingslærarskulen og var med i politikken for venstre. Han var ordførar for venstre i Volda, og sat på fylkestinget der han arbeidde mykje for samferdselsspørsmål. Karl døydde av hjerteinfarkt i 1975 .



Bergljot og Bjarne fotograferte seg i bryllaupskle eit år etter bryllupet, då Kalla og Mosken gifta seg.

Bjarne var glad i sjøen, og jobba som fiskar i mange år. Det finst eit brev frå Olavius og eit frå Astrid til han frå 1921 som er adressert til Vadsø, så han var vel på torskefiske "på Finnmarka". Eit brev frå Gurine skal også finnast der ho skriv om han ikkje kan tenkje på å gå på skule, i så tilfelle vil dei prøve å hjelpe han.

Dette vart ikkje noko av med eingong. Då Astrid og Kalla gjekk i Volda sa rektor Kårstad til Olavius at dersom han hadde fleire av denne sorten, måtte han berre sende dei. Men Bjarne kom ikkje inn. Nils Kolås frå Ørsta kom til Vik og starta ei millomskuleklasse. Der gjekk Bjarne og nokre kameratar, og han gjorde det svært bra. Men då det vart snakk om å søkje på lærarskulen igjen, var han fornærma over at han ikkje kom inn først gongen, difor søkte han seg til Elverum.



Medan Bjarne bodde heime lærde han mykje av mora. Ho lærde han å partere kjøt og gjere det i stand, hermetisere middagsmat og frukt og han lærde å stoppe møblar. Han kunne også reparere sko.

Første tida etter lærarskulen var det ikkje skulejobbar å få, så han arbeidde litt som kontorist på Hatløy mekaniske verkstad. Seinare fekk han jobb på Hasund skule og arbeidde der medan han var yrkesaktiv. Han var styrar der frå ein gong på femtitalet. Han gifta seg med Bergljot og dei fekk 3 barn. Bjarne og Bergljot var mellom initiativtakarane då Samfunnshuset var bygt. Bjarne song i mannskoret frå han var ganske ung til i han var rundt åtti år. Han døydde av alderdom i 1993.



Kristi var den av dei åtte som fekk minst utdanning. Ho gjekk på Sunnmøre folkehøgskule som mange av dei andre syskjena. Seinare gjekk ho på same skulen som Ingebjørg, men på ei vanleg husstellinje. Ei tid var ho ei hushalderske for ein mann i Svindal? Ho var flink å sy, og opparbeidde seg ein kundekrets som skreddar på den staden. Ho var nok noko bitter då ho måtte reise heim for å hjelpe mora med å stelle huset.

Yngste søstra, Hanna skulle gå på skule, så no var det Kristi sin tur å vere ulønt hushjelp. Kalla og Bjarne bodde heime, og heldigvis kom karane til fornuft og vart einige om at det skulle betale henne løn. Dei hadde då begge si gode lærarløn og bodde vel stor sett gratis. Ho gifte seg med Johan Garshol frå Hofset. Dei fekk to barn ein gut og ei jente. Han var skipper på fiskebåten "Grøyven". Kristi døydde i 1972 av underlivskreft.





Kristi og Johan i bryllaupskleda. Dei fotograferte seg etter fleire år, for Johan måtte reise på sjøen dagen etter bryllaupet.



Kristi, Astrid, Ingebjørg og Hanna





Astrid, Steinar, Kristi og Hanna på biltur med ein ukjend.

Hanna var vel rekna å vere den penaste av Almejentene Ho var musikalsk, spelte piano og var sporty. Saman med nokre venniner symde frå Saunes til Storvikholmen. Gurine syntest ho også måtte få seg noko utdanning så ho tok rett og slett og melde henne inn på ein sjukepleieskule. Hanna var berre så passeleg fornøgd, ho hadde slett ikkje tenkt å verte sjukepleiar, men ho gjekk no skulen.

Ho gifta seg med Elias Daniel Reite, kalla Li, frå Dalsfjorden. Dei fekk to barn, jente og gut. Li var apotekar, og dei bodde først i Bergen, men flytta til Oslo på slutten av førtitalet. Etter at borna kom til verda var Hanna heimeverande. Ho vart den av jentene som levde lengst, til ho vart over åtti år . Ho døydde i 1996. Hanna var lenge sikker på at også ho ville døy i sekstiårsalderen, slik som søstrene



Vera og Ottar



Ottar yngstemann var ein villstyring barndomen. Han var bestevenn med Svenn Leg (Sundgot), og det gjekk mange historier om fanteprettene deira. Ottar studerte medisin i Oslo under krigen. Gurine forneakta seg ikkje og sende matpakkar til Oslo så snart ho kunne. I 1944 samla tyskerane inn studentane og sette dei i fangeleirar. Ottar kom seg først unna til eit søskenbarn som bodde på Drammenskanten. Ho klarde å gøyme han, sjølv om dei bodde i ei toromsleilegheit med tre born og det 4. på veg. Seinare kom han seg på ein strevsom måte over til Sverige. Der gjekk han inn i den norske polititroppen. Han gifta seg med Vera Vardund, som eigentleg var frå Trøndelag, men heile familien hadde flytta til Oslo. Ottar dreiv legepraksis i Oslo i mange år, og døydde i 1989

Gurine levde i tre år etter at Olavius døydde i 1945. Ho fekk kreft i underlivet



Søskena i hagen på Reiten 1948





Det er Amerikabesøk på Alme, og så mange som muleg av etterkomarane til Ane Olave stiller opp til fotografering. Ottar ligg framfor foreldra og ser ut til å vere ca. ti år. Ca.1923.

### Etterskrift

*vel 50*

På dei ~~forti~~ åra som har gått etter at Gurine døydde, har levemåte og klesskikkar forandra seg radikalt. No i år 2000 er det mange som har gløymt historiene frå Almegarden. Eg trur nok at det kan vere meir å fortelje også, så er det nokon hugsar noko, så vil eg gjerne høyre det, og gjerne føye det til dette skrivet.

“Om hundrede år er alt gløymt” sa far ofte. Stundom for å trøyste og stundom som eit bittert faktum. Det er ikkje så mange att i bygda som veit kven Almesyskjena var. Det går vel etterkvart i gløymeboke for oss i slekta og, så kanskje dette kan vere med på å “ta vare på røtene” for oss i søskenbarn-generasjonen og kanskje fortelje noko nytt til dei yngre generasjonane. Håper det er av interesse!

Her får de eit arbeid som har "blitt til medan eg har gått" . Det starta med at eg skulle snakke litt om bestemor sitt liv og levnet i kvinnegruppa mi. Etterkvart

gjekk det opp for meg at generasjonen etter meg veit svært lite om oldeforeldra sine, og kor dei levde, dei veit faktisk lite om Almesyskena også .

Dermed klaka det på seg. Eg måtte ta med eindel om bestefar også. Mor hadde eindel bilete frå Reiten, nokre fann eg i tante Astrid sine album som eg lånte av Bjørg Seljeflot, og litt lånte eg av Gunn. Eg har hatt nokre timar ved datamaskinen, men arbeidet har gått greitt, mest fordi eg synest det er kjekt sjølv.

For nokre år sidan, i kulturminneåret 1997, heldt eg eit lite innlegg om korleis folket på Reiten levde, ved opninga av ei utstilling som heitte "Gamalt og godt". Utstillinga handla om mattradisjonar og levemåte her på kysten, rundt 1900. Litt av det tok eg også med. Eg tok også med eindel av det far skreiv til slektsstemnet vårt i 1985.

Helsing *Guri*



Seinsommaren 1985 fekk vi til eit treff for etterkomarane til Gurine og Olavius. Det vart halde på Ulstein hotell, og ganske mange kom. Det vart teke eit bilete, og det har vist seg vere ok å ha !